

HAREID ROTARY KLUBB



Hareid Rotaryklubb

Månedsbrev april 2002

Årgang 37

Distrikt 2280

Møtedag:	Mandag kl 18.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL 6060 Hareid
President:	Johs .J. Hareide
Visepres.:	John Stennes
Sekretær:	Aage Nytun
Kasserar:	Oddvar Haugen
Past pres.:	Karl Johan Brandal
Styremedlem:	Elisabet Sundgot
Styremedlem:	Ingar Bigset
Leiar for Ungd.utv.:	Sverre Bjåstad
Ansv. Red.:	Elias Sellevoll

Fødselsdagar i Mai:

**Halikjelt Dahie 06.05.
Ame Holstad 05.05.
Hans Otto Rise 27.05.**

100% frammøte i mars:

**Ingår Bigset, Ame Lillebø
Sverre Bjåstad, Arve Røyset
Johs. J. Hareide, John Stennes
Oddvar Haugen, Ame G. Grimstad
Roar Hareide, Gunnar Riise
Egil Utgård**

No livnar det i lundar

No livnar det i lundar, no lauvast det i li.
Den heile skapning stundar no fram til
sumars tid.

Det er vel fagre stunder når våren kjem her
nord,
og etter som eit under nytt liv av daude gror.

Du vår med Ijose dagar med lengting, liv og
song.
Du spår at Gud oss lagar ein betre vår
eingong.

Då me med vigsla tunga, med kjærleik heil
og klår,
alt utan brest og sprunga skal lova Herren
vår.

Elias Blix

Møte den 08.04.2002

Programmet for dagen hadde Egil Utgård.

Han fortalte om planlegging og gjennomføring ferien sist sommar.

Fleire alternativ vart vurdert, men ein biltur i Europa hadde leika i tankane lenge, og dette vart valet. Han tok oss med på tur gjennom deler av Tyskland, Frankrike og Sveits, ein tur han rådde alle til å ta — og til å ta seg god tid....

Det er mange ting å tenke på når ein skal på ein slik tur, for planlegging er viktig, og det er sjølv sagt viktig å ha bil som er i god stand.

Under planleggingsfasen vart det repetert historiebøker og atlas, og nye kart vart innkjøpte.

Under turen ville del bu på små romantiske hotell og besøke byar som ein knapt hadde høyrt om. Og dei hadde ikkje tenkt å bruke tida til å gå i butikkar. Dette var utgangspunktet.

Egil fortalte om planlegging der gamle skulebøker og kart vart nytta, men også bruk av Internett og reiseprogram på PC. Husrom vart såleis tinga over Internett på PC.

Bilen var kontrollert, og reglar for rundkjøringar vart repeterete, og SOS — veghjelp for bruk utanfor Norge. Ei lita med nok småverktøy og ting ein kunne ha behov for til bilen var også med.

Dei tok ferja frå Oslo til Kiel.

Turen gjekk så gjennom Tyskland til Frankrike. Mange plassar stoppa dei, og Egil har sans for mange ting, mellom anna: Slott, kunst, hagar, historie, museum, parfyme, mat og vin. Egil fortalte levande og i detaljer om alt dette. Dei var rundt i Frankrike i didstriktet Nice er det mange kjende galleri med kunst av både Picasso og Matisse. I byen Baume, som er hovudstaden i Bourgund fann del stor interesse i mat vin og historie. Egil fortalte levande med så mange detaljer om land, folk, historie, matrettar og anna er det ikkje råd å laga eit referat som gjev dette foredraget eller reiseskiljinga rettferd....

Nordover var dei innom Grenoble, og han mimra om Ellefsæter, Tyldum Grønningen og Martinsen sin gullstafett der i 1968. Også "Jentutun" tok gull i stafetten der.

Turen gjekk Gjennom Sveits, og dei var innom mellom anna Montreau og Lausanne. Turen heim gjekk gjennom Tyskland og Danmark.

Han avslutta reiseskildringa si slik: "Er det nokon som har lyst på biltur i Europa vil eg berre seie: Hopp i det og kør".

Møte den 15.04.2002.

Det fine veret denne dagen lokka fram "Blant alle lande" som åpningssang. Det skulle være programfritt denne dagen, men det vart nokre klubbsaker:

Presidenten orienterte om GSE — besøket som vi får 7. — 10. mai. Det er fire damer og ein mann som kjem frå Brasil. Del skal vitje Hareid Ulstein og Hareid RK. Internasjonal Komité vert innkalla til felles planleggingsmøte med dei andre klubbane.

Inncommende President orienterte om PETS — møtet på Heimdal den 5. og 6. april. Etter ein fin sosial kveld, var alle klar til møtet den 5. Guvernør Asbjørn Øye opna møtet og ga ordet til Innkommene Guvernør Arne Solem. Han kjem frå Skogn RK. Hans motto er "Sow the seeds of love". Han er opptatt av omtanke for medmenneske. Mange ting vil han fokusere på: Ledelse, lokalsamfunnet, gjennomføre planer. Utrydde polio innan 2005, flere kvinner i Rotary. Dette er noko av det som var tema. Rotary feirar 100 år i 2005. Klubbane vert oppmoda til å markere dette.

Inncommene Guvernør Arne kjem på besøk til vår klubb den 04.11. Det er planen at han skal delta på Røyrfesten vår slik det er vanleg at Guvernørane gjer

Sverre Bjåstad frå ungdomsutvekslingskom. orienterte om studenten som skal kome hit neste år. Det er ei jente frå Osaka I Japan. Ho er 17 år. Dette er ei jente med mange interesser, og ho vil verte presentert når ho kjem.

Møte den 22.04.2002.

Apningssang: Nyst munde det regna”

Presidenten orienterte om programmet for GSE besøket Dei skal på besøk mange stader i Herøy, Ulstein og Hareid.. Dette kjem ein nok tilbake til i neste månadsbrev....

Visepresidenten hadde forslag om å planlegge ein kveld der Rotarymedlemmer kan møtast på Hotellet. Kjem tilbake til dette....

Programmet var ved Einar Holm: Tema var MRF.

Historia viser at det har vore trafikk langs vår kyst langt tilbake. På 1600 — talet kom dei første rutesystema.

I 1856 vart det skipa 2 selskap: Eitt selskap på Nordmøre, og eitt felles selskap for Sunnmøre og Romsdal.

Båtane som desse selskapene hadde var hjul-dampbåtar, med namn, hhv “Romsdal” og “Sunnmøre”. Båtane var 62 bruttonn og gjorde 8 mils fart. Dette var starten. I 1863 og 1867 var det forlis og konkurs. Nye ruter kom etter kvart: Sunnmøre DS — selskap og Romsdal DS — selskap. Men der var mange lokale private konkurrentar.

Om konkurransen kan ein nemne at i 1888 var der 4 dampbåtar mellom Molde og Ålesund. Konkurransen var hard på dei attraktive rutene, men i utkantane var ikkje tilbodet like godt. I 1917 kom Romsdal Amt (Møre og Romsdals Fylke) med eitt selskap, og i 1920 vart MRF skipa. Det tok over mange av dei lokale båtane. Frå 1920 til 1975 var Fylkesmannen fast formann i selskapet. Båtane som vart overtatt då selskapet vart skipa var i dårleg stand. Lokale ruter vart oppsett, og også ruter mellom Kristiansund og Trondheim. Det var kom binertbåtar i rutene, og dei frakta last av alle slag, og folk og levande dyr.

Frå 1920 til 2001 var det godsruter mellom Bergen og Trondheim. No er denne delen av selskapet selt. Utviklinga gjekk vidare: frå kombinertbåtar til ferjer og hurtigbåtar. No er det under bygging 2 ferjer og 2 hurtigbåtar. Ferjer med motor som brukar naturgass er i bruk.. Gjennomsnittsalderen på båtane i MRF er 24 år.

For å stå sterkare i framtida vart MRF og Fylkesbåtane Sogn og Fjordane sammenslått til Nordvestlandske AS. Adm. Ligg i Florø.

Det er i dag 1200 tilsette i MRF og 800 tilsette i Fylkesbåtane. Og i Nordvestlandske er det i alt 2284 tilsette.

Møte den 29.04.2002.

Programmet var ved Willy Nesset.

Han arbeider i skipsindustrien, og gjennom arbeidet sitt er han ofte i det vi tidlegare kalla Austeuropa.

Han fortalte frå arbeid og reiser i området.